

MØTEBOK - TITTELARK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
31.01.2019

Tilstades på møtet:

Medlemer: Arne Lerøy, Britt Ystebø, Kine Lerøy, Bjørn Helge Olsen, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Harald Sundsbø.

Varamedlemer: Kjell Dahle, Einar Austrheim

Andre: Kommunal representant : Anne Dahle Austrheim
Kyrkjevevjerje: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Inger Synnevåg, Anita Bakke, Jusu Gyflan,
Desse møtte ikkje: Sylvelin Fønnes

Saker til førehaving:

Fellesrådssaker: F – 01/19 – F – 04/19

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 01/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

F – 02/19 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Bjørn Helge Olsen og Britt Ystebø

F – 03/19 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 06.12.2018:

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå 06.12.2018 vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Møteboka frå 06.12.2018 vart godkjent utan merknader.

F – 04/19 ORIENTERINGSSAKER

- Førebels (og ikkje fullstendig) orientering om rekneskapen for 2018
- Orientering om oppstart av arbeidet med verneplan.

MØTEBOK - TITTELARK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
31.01.2019

Tilstades på møtet

Medlemer: : Arne Lerøy, Britt Ystebø, Kine Lerøy, Bjørn Helge Olsen, Anny Bertelsen, Helge Dyrkolbotn, Harald Sundsbø.

Varamedlemer: Kjell Dahle, Einar Austrheim

Andre: Kommunal representant : (Anne Dahle Austrheim)

Desse hadde meldt forfall: Inger Synnevåg, Anita Bakke, Jusu Gyflan,

Desse møtte ikkje: Sylvelin Fonnes

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 01/19– S 04/19

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 01/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

S – 02/19 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 06.12.2018:

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå 06.12.2018 vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Møteboka frå 06.12.2018 vart godkjent utan merknader.

S – 03/19 UTTALE I SAMBAND MED TILSETJING AV NY SOKNEPREST

Bakgrunn:

Austrheim sokneråd skal no gje uttale i samband med at Bjørgvin Bispeømeråd no skal tilsetja ny sokneprest for Austrheim og Fedje.

Prost Helge Taranrød har vore aktiv i prosessen med å rekruttera til denne stillinga. Han hadde allereie i haust eit felles møte med soknerådsleiarane og kyrkjevevane i Fedje og Austrheim, med framgangsmåten og strategien for å tilsetja ny prest etter Per Børge Hillestad. Vi vart oppfordra til å arbeida godt med søknadsteksten. Eit viktig poeng for begge sokneråda, er at vi ønskjer ein samlande prest, som kan samarbeida breidt.

Søknadsfristen for denne stillinga var sett til 6.januar 2019. Innan søknadsfristen var det komen inn 2 søkjarar. Den eine av desse søkjarane har ikkje formelle kvalifikasjonar og er dermed vurdert som uaktuell for stillinga. Dermed gjenstår det ein søkjar som er reell og som bispedømeadministrasjonen allereie har hatt intervju med den 15.januar. Austrheim sokneråd har vore representert ved soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn under dette intervjuet.

Soknerådet si oppgåve er å gje uttale om kven av søkjarane som er mest aktuell for stillinga, i prioritert rekkefølge med grunningjeving, der det er meir enn to aktuelle søkjarar. Soknerådet sin uttale i slike saker er rådgjevande. Soknerådet sin uttale vert protokollført og sendt vidare til bispedømet sitt innstillingsråd. Innstillingsrådet vert leia av prosten og består elles av stiftsdirektøren og ein tillitsvald.

I dette tilfellet er det *ein* reell og kvalifisert søkjar. Soknerådet si oppgåve vert likevel å gje ein uttale om korvidt dette er ein kandidat som soknerådet ynskjer tilsett i stillinga.

Den som er kandidat til stillinga som ny sokneprest i Austrheim er **Rune Minde**.

Drøfting i AU:

AU har drøfta saka i sitt møte 21.januar. Det er eit samla AU som uttrykkjer seg positivt til Rune Minde som søkjar til denne stillinga. Rune Minde har heile vegen vore øvst på lista av aktuelle søkjarar.

Han har sine røter i Austrheim, har ein eigedom her ute og har sjølv gitt uttrykk for at ei slik stilling før han går av for aldersgrensa er «som å koma heim».

Sidan referatet frå intervjuet ikkje er offentleg, vert ikkje innhaldet i sjølve samtalen referert i denne saksframstillinga. Dette vert istadenfor referert frå under soknerådet sitt møte.

Vedtak:

Austrheim har følgjande grunngjeving til kandidat som ny sokneprest for Austrheim og Fedje:

Austrheim sokneråd tilrår at Rune Minde vert tilsett som sokneprest i Austrheim og Fedje. Soknerådet vurderer Rune Minde som godt eigna for stillinga. Vedtaket er samrøystes.

S – 04/19 MØTEPLAN VÅRHALVÅRET 2019

AU drøfta dette på sist møte, på bagrunn av vedtak i soknerådet sitt desembermøte. Dette er framlegget til møteplan for første halvår 2019:

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd vedtek følgjande møteplan først halvår 2019:

AU:

- 21.januar
- 19.februar
- 28.mai

SR:

- 31.januar
- 21.mars
- 13.juni

Vedtak:

Austrheim sokneråd vedtek følgjande møteplan først halvår 2019:

AU:

- 21.januar
- 19.februar
- 28.mai

SR:

- *31.januar*
- *21.mars*
- *13.juni*

(Soknerådet vedtok følgjande tillegg til vedtaket om møteplan):

AU får i oppdrag å delegera oppgåver i forkant av innsetjingsgudstenesta for Rune Minde – den 9.juni 2019. Det kan eventuelt også bety å kalla inn til eit ekstra møte i soknerådet i samband med dette.